

Nr. 150 – Veke 26

90. årgang

48 000 lesarar kvar dag

Kr 12 – Utanfor S. og Fj: kr 15

Får oppfylt bokdraum

Kristin Roset debuterer med bok om motbakkeløp. Side 3



Transplant-opning med stil

– Betre enn venta, gliste Birgitta Ralston etter opninga. Side 6–7



Måndag 2.7.2007

Tips oss på telefon 57 83 33 33 / MMS / SMS fitips 2005

Siste nytt på www.firda.no



– Kaiutbygging ein tragedie

Kolo Veidekke planlegg å bygge kai over stranda ved båtmoloen i Førde. Kajakkpadlar Rune Berge (biletet) kallar kaiutbygginga ein tragedie. Side 4

Bolli vart Sogndal-helt

Først etter 94 minutt spel kunne Rune Bolseth og Sogndal juble over tre poeng mot Tromsdalen. Side 14



Takka sleggje-kjempa med gullklokke

Eit fullsett Florø klubbhus feira Magne Føleide, då den tidlegare nordiske meisteren i sleggje fylte 70 år i helga. Side 19

■ Storehesten-vinnar mista tidlegfødt son

«Fysisk smerte er terapi mot sorga»



Sist måndag mista Jon Tvedt sin for tidleg fødte son, etter to månaders kamp i respirator. Fem dagar seinare trassa 41-åringen dei fysiske og psykiske smertene, og sette ein ny og suveren løyperekord på Storehesten Opp. – Det har vore tøffe dagar, seier Tvedt. Side 12–13

TOPPFOTBALL **SUNNFJORD** 2007

TORS DAG 12. JULI KL 18.00 EIKEFJORD STADION:

Firdalaget – SK Brann

FIRDA LIGAEN



Ardian Gashi og Thorstein Helstad.

Store poser lønner seg!



69,-
FRIELE KAFFE 6 PK
6 x 250 g, pr. pk.



59,-
SOSEKJØTT UTEN BEIN
Pr. kg

Her finner du oss!

Tilbudene gjelder to.m. 4/7 uke 27. Forbehold om utsolgt og trykktfeil. Kun til private husholdninger.

ICA MAXI FØRDE
Firdaveien 20, Tlf: 57 82 92 60
09:00–21:00 (09:00–20:00)

ICA MAXI

**FOTBALL
FLORA**

Festivalpass og billetter: Posten og Smerbukken Kiosk

Florø • 12–14 juli • www.fotballflora.no

KONSERTAR
Torsdag 12. juli
• Odd Nordstoga
• Florarevyen Allsong

Laurdag 14 juli
• Mira Craig
• Tone D Aaberge
• Janove Ottosen
• Det Betales

Fotball laurdag 14 juli kl 14.00
• Liverpool
• England
• Brann
• Tulle-fotball
• NM i Fotballquiz
• V-rekord straffespark

Fredag 13 juli 120 Days
• Heroes & Zeros
• Henrik Elvestad stand-up
• NM i pop&rock-quiz

Påmelding NM fotballflora.no

Sport

Journalistar: Asgeir Árdal tlf. 957 76 292. Rune Fossum tlf. 911 49 823. Epost: sporten@firda.no

Snart fullt

■ **MOTBAKKELØP:** Skåla Opp har ei grense på 600 løparar i konkurranseklassen, og er med over 450 førehandspåmelde i ferd med å nærme seg dette talet – over ein måned før løpet finn stad.



Poengtap utan Buer

■ **FOTBALL:** Nybergsund har med Rune Buer Johansen (biletet) på laget herja i 2. divisjon, og sist veke slo dei ut Fredrikstad i cupen. I helga kom austlendingane sitt første poengtap i serien – utan den tidlegare Sogndal-spelaren på laget. Nybergsund greidde berre 2-2 heime mot Tønsberg. Likevel leiar dei avdelinga suverent etter 11 kampar.



FULL GALOPP: Jon Tvedt var i ein klasse for seg på Storehesten Opp. Og han treng premiepengane sårt: – Eg må brødfø familien min, seier bergensaren.

FOLKEFESTEN PÅ STOREHESTEN



BEST: Merete Helgheim vann kvinneklassen.

Foto: Rune Fossum



YNGSTE DELTAKAR: Snart fem månader gamle Synne Sellerette Målsnes hadde god hjelp av mamma Siril på veg til topps.

Foto: Stig Roger Eide



DRIKKESTASJON: Drikkestasjonen ved lavvoane på Vardehaugane var godt besøkt. Væskeinntaket var viktig i varmen.

Foto: Rune Fossum



LANG LA
takarar p
største ir

Scora sjølvsmål

■ **FOTBALL:** Børre Steenslid var i det gavmilde hjørnet, då han forærte Vålerenga deira første og einaste mål i Tippeliga-kampen mot Viking. Kampen enda til slutt 3-1 til sid-disane. Alexander Ødegaard sat på benken heile kampen.



Tok fem NM-medaljar

STYRKELØFT: Sunnfjordingane hevda seg svært godt under helgas NM i benkpress. Florø Alexander Høvik (biletet) og Førde-løftaren Kato Marøy tok kvart sitt gull, medan Stian Botnen og Jørn Høyset tok sølv. Den tidlegare vektløftaren Geir Grønnevik fekk med seg bronse frå meisterskapen.

AHIL på veg ned

■ **FOTBALL:** Askvoll/Holmedal tapte laurdag 1-3 heime for nyopprykka Lærdal, og er på full fart ned i 5. divisjon. Sunnfjordingane er sist med fattige fem poeng på dei ti første kampene. Jølster vann 4-1 over Hornindal, og er på andreplass – tre poeng bak leiande Skavøypoll.



Foto: Rune Fossum

- Mista kona i 2000
- Mista sonen for fem dagar sidan

Hentar kreftene i motbakkeløp

MOTBAKKELØP: Det meste har gått imot Jon Tvedt (41) dei siste åra. Kanskje er det difor han er Norges beste i seige motbakkar.

RUNE FOSSUM tekst og foto

STOREHESTEN OPP

– Når ein har det tøft heime, blir ein nok meir omsynslaus mot seg sjølv. For meg betyr fysisk smerte ingenting, seier Jon Tvedt.

Han vann som venta Storehesten Opp med klar margin. Løyperekorden er no på smått utrulege 1.06,08.

Den er ikkje mindre utruleg med tanke på at den er sett berre fem dagar etter at Tvedt mista sin to månader gamle son.

– Eg vart 41 år på fredag, dagen før løpet, men feira ikkje dagen. Dei siste dagane har vore veldig tøffe, seier Gular-løparen.

Sterkare av å ha det tøft

Bergensaren er ikkje av dei som let seg knekkje av motgang. For sidan 2000 har livet til Tvedt stort sett vore i motbakke – både i idretten og på heimebane.

Då vart han nemleg enkjemann, og sat plutsleg med åleineansvaret for to ungar. Trøysta fann han i springinga, og den tidoble NM-vin-

naren i orientering fann ny glede i motbakkeløp.

Nokre år seinare fekk Tvedt ein multihandikappa son, som krev mykje av pappa.

Sist måndag toppa det heile seg, då ein for tidleg fødd son etter to månader måtte gje tap for ein infeksjon på sjukehuset.

– Eg trur livet ikkje gjev oss meir motgang enn vi kan klare. Og det er vel noko i det at ein blir sterkare av å ha det tøft, seier ein open Tvedt til Firda.

Må vinne så mykje som råd

Sigeren var ikkje truga på Storehesten. Med heile tre minutt ned til Øystein Sylta, kunne Tvedt innkassere 10 000 blanke kroner i første-premie.

Diverre vanka det ikkje bonus for løyperekorden.

– Eg treng pengane for å få det til å gå rundt. Eg er i ein kinkig situasjon, forklarar 41-åringen skuffa.

Han driv for seg sjølv, og får problem når han må ut i sjukmelding og ikkje er forsikra. Då blir det ikkje

mykje å rutte med. Heime har han ein familie å forsørje.

– Eg hadde nok klart meg betre om eg berre hadde jobba. Men når eg først driv idrett, bør eg vinne så mykje som råd, seier Tvedt.

– Eg er ikkje her berre for moro skuld, legg han til.

Til no har han hatt hegemoniet i motbakkane i Norge. Men han veit ikkje om han held fram neste år.

– Eg gjekk for rekorden her i år. Eg veit ikkje om eg kjem tilbake om eitt år, seier slitaren.

GFIL-løpar beste dame

Han imponerte mange av mosjonsdeltakarane med sine lette steg oppover Storehesten.

Men han imponerte også fleire av dei nærmaste konkurrentane sine.

– Det er heilt sjukt. Eg kjem aldri til å kunne springe så fort. Han er supergodt trent, meiner André Haugsbo.

Gaulværingen vart sjølv nummer seks, den same plasseringa som i fjor. Men heile ni minutt bak suverene Tvedt.

Bjarne Nes vart beste lokale løpar på fjerdeplass. Øystein Sylta og Tor-mod Tjørnholm tok dei andre pallplasseringane.

Merete Helgheim frå Gløppen vann dameklassen framfor Bodil Ryste frå Hovdebygda.

Florø's Norunn Stavø sprang inn til tredjeplass, trass fall og armbrøt like før toppen.

” Eg vart 41 år på fredag, dagen før løpet, men feira ikkje dagen. Dei siste dagane har vore veldig tøffe

Jon Tvedt



ING REKKJE: Det vart sett ny rekord med tett oppunder 1000 del-taknar på Storehesten Opp. Med det er arrangementet mellom dei aller fyrste og siste motbakkeløp. Foto: Rune Fossum



FUGLEFJELL: Det var nesten trengsel på toppen av Storehesten, der hundre-tusener av mosjonistar samla seg for å sjå innspurten i konkurranseklassen. Foto: Rune Fossum



BURSDAG: Bjarte Liseth feira 43-årsdagen sin på toppen, og fekk blomsterbukett av Merete Larsmon. Foto: Rune Fossum